



Hanns Reidar Kjærland og Terje Myklbust har snart lagt ned eit livsverk for vassverket

**Uskedal Vassverk, eitt av to private vassverk i kommunen, driv godt. Under årsmøtet på skulen i kveld vart det opplyst at rekneskapan for i fjor var gjort opp med eit overskott på 87154 kroner mot eit underskott på 98 329 kroner året før.**

**Vassverket har rundt rekna 400 abonnentar og berre 3-4 av dei har problem med å gjera opp for seg i siste omgang. I fjor kom det 7 nye.**



[Hjørnevåg er framleis største kunde](#)

Ei viktig sak i året som gjekk var godkjenning etter den siste drikkevannsforskriften som vart gjeve i oktober. Ei anna viktig sak er den

framtidige forsyninga av bustadfeltet Nedre og Øvre Halsabrotet og Ospelunden og her kan det bli naudsynt med høgdebasseng. Ekspertter kjem for å vurdera dette spørsmålet med det fyrste. Det er ikkje minst brannsikringa som tilseier eit slikt basseng.

Årsmøtet gav styret fullmakt til å investera 400 000 kroner i to tiltak. Inntil 300 000 skal nyttast til kjøp av eit nytt reserveanlegg for UV som vil sikra at heile anlegget ikkje stoppar på grunn av feil på UV.

Inntil 100 000 skal nyttast til kjøp av eit nytt datastyringsystem. Dagens PLS har svært få mogelegheiter for styring og kontroll medan eit nytt anlegg stettar dagens krav,

Hans Reidar Kjærland og Terje Myklebust har begge rundt regna 25 år bak seg som vassverksjefar men har ingen planar om å gje seg. Med seg i styret har leiar Kjærland no Øyvind Sture, Tor Ove Rød, Johannes Kaldestad Feet og Anne Guri Kildal. Den siste kjem i staden for Tom O.Haugland.

Hjønnevåg er framleis den største vasskunden med rundt rekna 10 prosent av vassleveransen men har vore heilt oppe i 25 prosent og har gjennomført omfattande tekniske rasjonaliseringstiltak.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen